



Olav Ragde
Tyssedalsvegen 14 A
5750 Odda

Dato: 03.06.2016
Vår ref.: 2015/2159-117
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Ragde gard - Ragdetunet -gnr 57 bnr 1 - Odda kommune - Søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2016 - underretting om vedtak

Det vert vist til Dykkar søknad av 29.10.2015 om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling på møte den 10.05.2016, sak 71/16. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

For 2016 var det 49 søknader og kr 973.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 4.826.701,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningslinjer for ordninga.

I grunngjevinga står det:

«Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafør kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Sidan eigar har fått ein god del støtte frå Kulturminnefondet til dette tiltaket, finn vi å ikkje prioritere søknaden i denne omgang og tilrår avslag. Godt tiltak, men lite midlar til fordeling.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasend Sandved
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.